

Forord

NLA Høgskolen feira 50-årsjubileum i 2018. I jubileumshelga vart det halde mange fagseminar. Fleire av innlegga frå seminara er i ettertid arbeidd ut som artiklar som blir publiserte i denne antologien. I tillegg har vi utfordra vitskapleg tilsette frå ulike avdelingar til å skriva. Boka er såleis vorten ein antologi som gjennom 12 artiklar vil syna forskning og fagleg engasjement ved NLA Høgskolen.

I samband med jubileet vart det gjeve ut ein monografi om institusjonen si historie; Helland, K. og Jøssang, L.G. (2018) *Frå akademi til høgskule. NLA 1968–2018*, publisert av Fagbokforlaget. Difor har denne antologien ikkje primært noko historisk sikte. I samband med jubileet ønskjer vi å også visa høgskulen sin plass i sektoren i dag og korleis ein kristen høgskule si sjølvforståing kjem til uttrykk i faglege problemstillingar og forskning i ei rekke av fagområda ved institusjonen. Samstundes vil kvar artikkel gje ny innsikt innan sitt område.

Private høgskular er ein del av høgre utdanning, og all slik utdanning har i dag felles lovverk og forvaltning. Vi startar då med ein artikkel av Gunhild Hagesæther som plasserer NLA Høgskolen i universitets- og høgskolestrukturen, og lar denne danna ei ramme for heilskapen i antologien. Deretter er artiklane plassert delvis ut frå felles tematikk og ut frå avdelingar på høgskulen.

Det er vårt håp at antologien kan bidra til å avklare NLA Høgskolen si sjølvforståing som akademisk og kristen institusjon, og at han slik kan være ein ressurs til vidare utvikling av det faglege og dannande arbeidet ved institusjonen i tida som kjem.

Gunhild Hagesæther Gunnar Innerdal Bjarne Kvam